

Protonsenteret ved Haukeland universitetssjukehus



Inngangspartiet til protonsentret i Haukelandsbakken. Illustrasjon: Arkitema Architects

No startar arbeidet på protontomta

Første desember 2020 startar Helse Bergen arbeidet med å bygge protonsentret i Haukelandsbakken. I 2024 skal det nye senteret stå klart for å gje kreftpasientar frå heile landet meir skånsam strålebehandling.

Klargjering av tomte første steg

Veidekke har fått kontrakten med å rive eksisterande parkeringsbygg og klargjere tomte. Dette arbeidet tek til i byrjinga av desember.

For å knytte protonsentret opp mot resten av sjukehuset vil det bli etablert ei tunnel- og heisløysing frå Sentralblokka og opp til protonsentret. Sprengings- og byggearbeidet i tilknytning til dette skal etter planen starte i januar.

- Dei som jobbar, bur og oppheld seg i Haukelandsbakken vil jo merke at endå eit byggeprosjekt no skal gjennomførast. Parkeringsplassar forsvinn, og i periodar vil det bli meir trafikk med frakting av massar ut og bygningsmateriell og utstyr inn. I periodar vil ein også merke sprengingsarbeidet, seier Lars-Petter Smidt, prosjektleiar for protonbygget.

- I byggeprosjektet er vi opptatt av å ta omsyn til dei som bur og ferdast her. Vi gjer det vi kan for å redusere støv og støy, og informerer om det som skal skje.

Eit spesielt byggeprosjekt

I tillegg til å klargjere byggetomt og starte arbeidet med tunnel- og heissjakt, vil 2021 innehalde

oppstart av sjølve byggearbeidet. Hausten neste år byrjar støypinga av betongfundament og sjølve bygget. I 2022 fortset byggearbeidet, i 2023 vert maskinparken til protonstrålinga heist inn og installert. Første pasient blir behandla i protonsentret i 2024.

- Det er eit spesielt bygg til eit spesielt formål som no skal reisast i Haukelandsbakken. Vi vil heile tida prioritere å få ut informasjon om kva som skjer til deg som bur eller jobbar i området, seier prosjektleiar Smidt. Han oppmodar folk til å ta kontakt dersom dei har spørsmål.

Fakta om protonsentret

- Protonsenteret skal ligge i Haukelandsbakken, rett over nedre stasjon av Ulriksbanen
- Senteret skal tas i bruk i 2024
- Bygget er på ca 10.700 kvm
- Samla kostnad for protonanlegget, inkludert tunnel- og heisløysing er 1,172 milliardar kroner
- Arbeidet med å bygge, utstyre og bemanne protonsentret er organisert i Program for protonterapi i Helse Bergen
- Helse Bergen ved Prosjektkontoret har prosjektledelsen for bygget
- Arkitektar: Arkitema Architects AS og Niras AS
- Rådgjevarar: Rambøll AS, Multiconsult AS og Asplan-Viak AS



Protonsenteret skal byggas i Haukelandsbakken rett over Ulriksbanen sin nedre stasjon. Til høgre på bildet ser ein gangvegen opp til Montana. Illustrasjon: Arkitema Architects

Aktivitet på byggeplassen desember – mars

Desember 2020:

- Uke 49: Trafikksikring (f. eks skilting) og klargjøring/innjerdning av byggetomten.
- Uke 50: Rivning av parkeringshuset starter. Masser vil bli lagret på tomten til over nyttår.
- Uke 50: Grave grøft for kabel til byggestrøm
- Uke 51: Sikring av fjellet over tomten starter

Januar 2021

- Uke 1: Rivning av parkeringshus fortsetter
- Uke 1: Transport av rivemasser fra tomten starter
- Fra uke 1: Grave- og sprengningsarbeid på byggetomt starter
- Fra uke 1: Etablering av trafo for byggestrøm nord for boligblokkene
- Uke 1: Transport av overskuddsmasser fra tomt ut av området starter

Februar 2021

- Sikringsarbeid i fjellet over tomten
- Rivearbeid og transport av rivemasser ferdig
- Grave- og sprengningsarbeid i tomt pågår
- Transport av overskuddsmasser fra tomt pågår
- Uke 5: Sprenging av tunnel starter
- Uke 5: Transport av overskuddsmasser fra tunnel starter

Kva er protonterapi?

- Protonbehandling er ei meir presis behandlingsform enn tradisjonell strålebehandling. Dette gjer at mindre av det friske vevet vert skada.
- Målet med protonbehandling er å redusere langtidsskadar frå strålebehandling, og bidra til at fleire kan leve eit normalt liv etter kreftsjukdom.
- Behandlinga er godt eigna for barn og unge ved at dei får mindre seinverknadar. Behandlinga vil også vere viktig for unge vaksne med lang forventa levetid.
- Mellom 10 og 15 prosent av pasientane som skal ha strålebehandling vil ha betre nytte av protonterapi. Dette utgjer om lag 1000-1500 pasientar per år i Noreg.
- Protonbehandling skal no bli tilgjengeleg for pasientar i heile Noreg. Parallelt med bygginga av senteret i Bergen vert det reist og etablert eit protoncenter ved Radiumhospitalet i Oslo.
- Med bygginga av sentra i Oslo og Bergen vil vi kunne tilby protonterapi til om lag 5 % av stråleterapi-pasientane.



Biletet viser eit behandlingsrom innvendig med bordrobotsystem Foto: Varian Medical Systems.



Bygget består av ein betongbunker for strålebehandlinga og ein enklare klinikkdel tilsvarande ordinære sjukehusbygg. Illustrasjon: Arkitema Architects

Kontakt oss

Har du spørsmål om protoncenteret?

- Bruk helse-bergen.no/proton (for illustrasjonar, filmar, nyhende og meir kontakinfo)
- Kontakt oss på protoncenter@helse-bergen.no
- Meld deg på [nyhetsbrev](#) (via nettsida eller epostadressa over)